

SULDALERKLÆRINGA


Åtte grep for meir tillit, bedre prosessar og
sterkare lokal legitimitet i framtidas vasskraftutbygging.



INNHALD

Suldalerklæringa

Forord.....	3
Om strukturen i rapporten.....	4
Anbefalingar til energiministeren.....	5
Suldalerklæringa peikar på åtte hovudgrep:.....	6
Del 1: Suldalerklæringa - kva må endrast?.....	10
1.1 Frå analyse til handling.....	11
1.2 Forventningar til energiministeren og nasjonale styresmakter.....	11
1.3 Ansvaret vasskraftbransjen sjølv må ta.....	16
1.4 Kva kan gjerast raskt – og kva krev politiske endringar?.....	19
Del 2: Fortida som kompass.....	20
2.1 Vasskrafta som nasjonalt prosjekt.....	21
2.2 Suldal som eksempel.....	22
2.3 Frå energi til effekt.....	22
2.4 Frå nasjonal ressurs til europeisk system.....	23
Del 3: Kvar trykkjer skoen?.....	25
3.1 Når fleire kriser møtest i same prosjekt.....	26
3.2 Legitimitetsgapet: Lokal belastning, nasjonal nytte.....	
3.3 Når nytten blir vanskeleg å forklare.....	27
3.4 Samfunnskontrakten og regelverket er ikkje oppdaterte for effektalderen..	28
3.5 Konesjonsprosessane startar for seint, og for formelt.....	29
3.6 Tidleg dialog krev reelt innhald.....	30
3.7 Kunnskapsgrunnlaget: Alle vil ha fakta, men kven eig fakta?.....	30
3.8 Når fakta møter verdiar.....	31
3.9 Kommunane får ansvar utan tilstrekkelege verktøy.....	32
3.10 Kraft og nett i separate løp.....	32
3.11 Systemet må riggast for gjennomføring.....	33
3.12 Kommunikasjon, tillit og bodberarar.....	34
Del 4: Vegen vidare.....	35
Kunnskapsgrunnlag og bidragsytarar.....	36



PÅ INNSIDA
AV KRAFTA



FORORD

Noreg står i desse dagar føre ei ny æra innan vasskraftutbygginga, kor kraftselskap over heile landet skal investera milliardar av kroner i oppgraderingar og utvidingar av eksisterande anlegg. Meir enn ein generasjon etter dei førre store utbyggingane er det likevel mykje som er svært ulikt utbyggingane på 1900-talet, både når det gjeld aktørbilete, regelverket, miljøomsyna, kraftmarknaden og vertskommunane.

Gjennom arbeidet med eit av dei første og største OU-prosjekta, effektoppgraderinga av Røldal/Suldal kraft, er dette noko Suldal kommune har fått erfara til det fulle: Dagens system og prosessar er ikkje godt nok rigga for effektalderen og den kompleksiteten me no står i.

Då Suldal kommune tok initiativ til konferansen «På innsida av krafta», var det fordi me såg behovet for å samla folk med ulike perspektiv rundt same bord: vertskommunar, kraftselskap, forvaltning, forskning, politikk og interesseorganisasjonar. Målet var ikkje nødvendigvis semje, men betre forståing, meir tillit og forslag til korleis me kan få til betre prosessar og meir gjennomføringsevne framover.

Suldalerklæringa er ei oppsummering av dei viktigaste erfaringane, diskusjonane og forslaga som kom fram gjennom dei to dagane i Suldal. Erklæringa peikar på behov for endringar knytt til prosessar, legitimitet, føreseielegheit og samarbeid – og inneheld forslag som kan følgjast opp både på kort og lengre sikt.

Me håpar at konferansen og erklæringa markerer starten på eit vidare nasjonalt arbeid for korleis Noreg kan vidareutvikla grunnstammen i kraftsystemet vårt – vasskrafta.

God lesing!

Mads Drange
Ordførar Suldal kommune

Sand, 28. mai 2026

OM STRUKTUREN I RAPPORTEN

Del 1 utgjør sjølv handlingdelen i Suldalerklæringa. Her blir dei viktigaste anbefalingane til energiministeren, nasjonale styresmakter og vasskraftbransjen samla og utdjupa.

Bakgrunnskapitla kjem etterpå: Del 2 forklarar den historiske og systemiske utviklinga som har ført fram til dagens situasjon, medan del 3 går nærare inn i problema, konfliktane og flaskehalsane som må løysast.

Lesaren kan difor starte med kva Suldalerklæringa ber om, og deretter gå vidare til kvifor desse grepa er nødvendige.



ANBEFALINGAR TIL ENERGIMINISTEREN

Vasskrafta er ryggrada i det norske energisystemet. Ho har bygd industri, velferd og lokalsamfunn. No går Noreg inn i ein ny fase, der meir effekt, meir fleksibilitet, meir nett og betre samspel med Europa blir avgjerande for eksisterande og ny industri, elektrifisering, beredskap og grøn omstilling.

Meir enn ein generasjon etter dei førre store kraftutbyggingane er det likevel mykje som er annleis. Først av alt at vi står midt i ei storstilt omstilling av heile energisystemet vårt. Vi må dessutan handtere ei klima- og naturmangfaldskrise, vi har ein heilt annan geopolitisk situasjon, og kraftmarknaden liknar ikkje den som låg til grunn for førre generasjons kraftutbyggingar. Dessutan ser lokalsamfunna kor krafta skal byggjast ut ganske annleis ut enn på 1910-, 1960- eller 1980-talet. Det seier seg difor sjølv at oppskrifta på korleis ein skal lukkast med vår tids utbyggingar, ikkje kan basera seg på gårsdagens modellar og prosessar. Vi ser allereie at prosjekta er meir komplekse, meir konfliktfylte og meir tidkrevjande, og skal me lukkast, trengs det ein ny kurs.

Skal Noreg få meir kraft og meir effekt, må nye prosjekt byggje på sterkare lokal legitimitet, betre prosessar, meir tillit til kunnskapsgrunnlaget og ein oppdatert samfunnskontrakt med kraftkommunane.



Suldalerklæringa peikar på

ÅTTE HOVUDGREP:

1 Etabler eit felles rammeverk for vertskommunar og tidlegfase-dialog i større kraft- og nettprosjekt

Staten bør ta ansvar for ein nasjonal modell for tidlegfase-dialog, med tydelege forventningar til kven som skal involverast, når dei skal involverast, kva som skal avklarast, og korleis dialogen skal dokumenterast.

Dialogen må starte før løysingane er låste, og han må handle om reelle val, ikkje berre informasjon.

3 Styrk kommunane si rolle, kapasitet og prosess-støtte

Vertskommunane må få betre verktøy til å handtere store kraft- og nettprosjekt. Det trengst fagleg støtte, finansiert bistand og ei operativ handbok for kommunar som står i store konsesjonsprosessar. Vertskommunar bør definerast som ein utviklingspartner, ikkje som ein kva som helst annan høyringsinstans, og setjast betre i stand til å fylle denne rolla.

2 Innfør plan- og utgreiingsprogram før konsesjonssøknad

Større vasskraftprosjekt bør ha eit plan- og utgreiingsprogram før konsesjonssøknaden blir send. Programmet bør utviklast i dialog mellom utbyggjar, kommune, grunneigarar, miljøstyresmakter og andre relevante aktørar, og bør forankrast lokalt. Målet er å avklare kunnskapsbehov, alternativ, konsekvensar og handlingsrom tidlegare.

4 Gjer kunnskapsgrunnlaget meir tillitsskapande

Konfliktane handlar ikkje berre om mangel på fakta. Dei handlar òg om tillit til kven som bestiller, tolkar og brukar fakta. Mandat, metode og kvalitet i konsekvensutgreiingar bør sikrast betre. Det bør etablerast meir opne kunnskapsloggar, tydelegare krav til bestillarkompetanse og betre involvering av lokale kunnskapsmiljø.

5

Samordne kraft, nett, areal, natur og lokal samfunnsutvikling

Kraftprosjekt, nettbehov, arealbruk, naturverdiar, transport, bustader, arbeidskraft og lokal næringsutvikling må sjåast meir samla. Betre samordning mellom energilova, plan- og bygningslova, naturmangfaldlova og relevante forvaltningsnivå er nødvendig for å redusere konflikt og få raskare avklaringar.

7

Forny samfunnskontrakten for effektalderen

Kraftutbygging er òg fordelingspolitikk og distriktsutvikling. Lokale inngrep kan gi nasjonal og europeisk systemnytte. Då må også utbyggingane bidra til å utvikle lokalsamfunna dei skjer i. Dette handlar for det første om at skatte- og konsesjonsordningar må oppdaterast slik at kommunane ikkje tapar på utbyggingane.

Dessutan er det avgjerande for legitimiteten til utbyggingane at dei bidreg til lokal samfunnsutvikling. Prosjekta må riggast slik at dei legg til rette for auka lokal verdiskaping, utvikling av eksisterande og nytt næringsliv, og forbetring av lokal og regional infrastruktur.

6

Rigge systemet for gjennomføring, med raskare ja og tidlegare nei

Gode prosjekt må kome raskare fram. Svake prosjekt må få tidlegare avklaring. Det krev tydelegare nasjonale prioriteringar, sterkare kapasitet i forvaltninga, meir føreseielege rammevilkår og positive insentiv for prosjekt som kombinerer stor samfunnsnytte med handterbare konsekvensar og lokal legitimitet.

8

Bygg ei felles forteljing om kvifor me treng meir kraft

Kraftdebatten treng ei tydelegare felles forteljing om kvifor Noreg skal byggje ut og ruste opp kraftsystemet. Det held ikkje å forklare enkeltprosjekt kvar for seg. Staten, kraftbransjen, industrien og kommunane må saman vise korleis meir kraft, meir nett og meir effekt heng saman med arbeidsplassar, beredskap, industri, klimaomstilling, velferd og lokal samfunnsutvikling.

Forteljinga må vere ærleg om konflikhtar, naturinngrep og kostnader, men også tydeleg på kva samfunnet risikerer dersom me ikkje lukkast. Utan ei slik felles forståing blir kvart prosjekt ståande åleine i møte med lokal motstand og nasjonale dilemma.







Del 1

Kva må endrast?

1.1 Frå analyse til handling

Suldalerklæringa byggjer på eit enkelt utgangspunkt: Noreg treng meir kraft, meir effekt, meir nett og større fleksibilitet. Prosjekta blir meir komplekse, meir konfliktfylte og meir tidkrevjande. Tempoet er for lågt, tilliten er svekt, og prosessane er for fragmenterte. Kjernen i utfordringa er ikkje manglande vilje. Mange aktørar ønskjer å få til meir. Men systemet er ikkje godt nok rigga for gjennomføring.

Poenget er ikkje å gjere prosessane meir omfattande enn dei treng å vere, men å bruke tidleg fase betre, slik at ein unngår seinare omkampar, svekt tillit og langvarige konfliktrar. Gode prosessar i starten kan gi raskare avklaringar samla sett, fordi kommunar, grunneigarar, styresmakter og utbyggjarar får betre grunnlag for å forstå kva som faktisk kan løysast, kva som må endrast, og kva som bør avklarast tidleg.

Skal Noreg lukkast med framtidias vasskraft, må tre ting skje samtidig.

1. Staten må ta eit større ansvar for rammene rundt prosjekta: føreseielege ordningar, betre prosess-støtte, betre samordning og eit regelverk som er tilpassa effektalderen.
2. Kommunane må setjast betre i stand til å fylle rolla si. Dei må få kompetanse, kapasitet og eit operativt rammeverk som gjer dei til reelle utviklingspartnerar, ikkje berre høringsinstansar.
3. Vasskraftbransjen må sjølv ta eit større ansvar for tillit, lokal forankring, kunnskapsgrunnlag og open dialog. Bransjen er god på kraftutbygging. No må han bli betre på alt rundt utbygginga.

Suldalerklæringa er ikkje eit forsøk på å fjerne usemje. Ho er eit forsøk på å gjere usemja meir presis, og peike på kva som må endrast dersom Noreg skal få meir kraft, meir tillit og mindre fastlåste konfliktrar.

1.2 Forventningar til energiministeren og nasjonale styresmakter

1.2.1 Etabler eit felles rammeverk for vertskommunar og tidlegfase-dialog i store kraft- og nettprosjekt

Kommunane manglar i dag eit operativt system for å handtere store konsesjonsprosessar. Praxis varierer frå prosjekt til prosjekt. Rolla til kommunen kjem ofte for seint inn. Lokale politikarar og administrasjonar blir sette til å forklare og forankre prosjekt dei ikkje fullt ut har vore med på å forme.

Staten bør difor ta initiativ til eit felles rammeverk for vertskommunar i store kraft- og nettprosjekt. Dette hovudgrepet har to delar som heng tett saman: Kommunane treng eit meir operativt rammeverk for å handtere store kraft- og nettprosjekt, og prosjekta treng ein betre modell for dialog før dei formelle posisjonane låser seg.

A. Eit felles rammeverk for vertskommunar

Eit slikt rammeverk bør innehalde tydelege fasar i prosessen, krav til tidleg involvering, struktur for plan- og utgreiingsprogram, rollefordeling mellom aktørane, modell for kunnskapslogg, forventningar til lokal verdiskaping og betre samordning mellom kommune, utbyggjar, NVE, statsforvaltar, fylkeskommune og andre relevante styresmakter. Målet er betre kvalitet, meir føreseielege prosessar, mindre konflikt og raskare avklaringar. Det treng ikkje bety meir byråkrati.

Rammeverket må vere praktisk og målretta. Det skal ikkje leggje nye prosessar oppå dei gamle, men bidra til at rett spørsmål blir stilte tidlegare, at rollene blir tydelegare, og at konflikhtar som elles ville kome seint i konsesjonsløpet, blir avdekte medan det framleis er mogleg å gjere noko med dei.

B. Ein nasjonal modell for tidlegfase-dialog

For mange konflikhtar oppstår før den formelle konsesjonsprosessen har kome skikkeleg i gang. Når kommunen, grunneigarar, naturinteresser og andre berørte først blir involverte etter at sentrale løysingar er teikna, blir dialogen lett opplevd som ein formalitet. Energidepartementet bør ta ansvar for ein vegleiar for tidlegfase-dialog i større kraft- og nettprosjekt.

Ein slik vegleiar bør avklare når dialogen skal starte, kven som skal inviterast inn, kva tema som må takast opp, korleis møte skal dokumenterast, korleis informasjon skal delast, og kva som faktisk kan påverkast på ulike tidspunkt.

Rett informasjon til rett tid er avgjerande. Men det er ikkje nok. Tidleg dialog må gi reell påverknad på premissar, alternativ, avbøtande tiltak og lokal samfunnsnytte.

Det bør òg vurderast om det i større prosjekt skal peikast ut ein tydeleg prosjektleiar eller prosessansvarleg for tidlegfasen, med ansvar for dialog, framdrift, dokumentasjon og samordning mellom aktørane.

Her kan ein lære av medverknadsprosessar frå komplekse områdeprosjekt i by- og stadutvikling, der tidleg involvering, interessentkartlegging og tydeleg prosessleiing ofte er ein føresetnad for å få fram gode løysingar.

1.2.2 Innfør plan- og utgreiingsprogram før konsesjonssøknad

Større vasskraftprosjekt bør ha eit plan- og utgreiingsprogram før konsesjonssøknaden blir send.

Eit slikt program må vere proporsjonalt, tidsavgrensa og tilpassa storleiken på prosjektet. Det skal ikkje bli ein ny tung prosess før prosessen, men eit verktøy for å avklare dei viktigaste spørsmåla tidlegare og gjere den formelle konsesjonsbehandlinga meir treffsikker.

Programmet bør beskrive kva problemstillingar som skal greiast ut, kva alternativ som skal vurderast, kva kunnskapsbehov som finst, kva konsekvensar som må kartleggjast, og korleis berørte aktørar skal involverast. Det bør utviklast i dialog mellom utbyggjar, kommune, grunneigarar, miljøstyresmakter, statsforvaltar, fylkeskommune og andre relevante interessentar

Forankring lokalt er viktig. Eit plan- og utgreiingsprogram som blir behandla eller forankra i kommunestyret, kan gi kommunen betre innsikt tidlegare, og gjere det lettare å forklare prosessen for innbyggjarar, grunneigarar og lokalt næringsliv. Dette kan redusere konflikt om fakta seinare. Det kan òg gjere det lettare å identifisere prosjekt som bør gå vidare, og prosjekt som bør justerast eller stoppast tidlegare.

1.2.3 Gjer kunnskapsgrunnlaget meir ope, legitimt og tillitsskapande

Manglande tillit til faggrunnlaget er ein viktig konfliktfaktor. Det er ikkje nok at utgreiingane er fagleg gode. Dei må òg opplevast som legitime av fleire enn utbyggjaren sjølv.

Nasjonale styresmakter bør difor utvikle ein meir detaljert mal for kunnskapsinnhenting i større kraft- og nettprosjekt. Ein slik mal bør gå lenger enn minimumskrava i lovverket og klargjere forventningar til bestillarkompetanse, mandat, metode, rollefordeling, lokal kunnskap, usikkerheit og dokumentasjon av innspel.

Særleg i saker med store naturkonfliktar bør mandatet for konsekvensutgreiingar kvalitetssikrast tidlegare. NVE, Miljødirektoratet, statsforvaltar og relevante fagmiljø bør kunne involverast tidlegare for å sikre at rett spørsmål blir stilte før søknaden blir send.

Det bør òg etablerast meir opne kunnskapsloggar i større prosjekt. Ei slik logg kan vise kva kunnskap som finst, kva som manglar, kva innspel som er komne inn, korleis dei er vurderte, og kva som framleis er uavklart.

Meir kunnskap kan ikkje fjerne alle verdi- og interessekonfliktar. Målet er å redusere mistillit til fakta. Da treng vi betre avklaringar tidlegare, slik at kunnskapen faktisk bidreg til framdrift.

1.2.4 Styrk kommunane si kompetanse og rett til tidleg fagleg bistand

Kommunane skal handtere saker med store tekniske, juridiske, økonomiske, naturfaglege og politiske konsekvensar. Mange har ikkje kapasitet eller kompetanse til å fylle denne rolla åleine.

Staten bør sikre at vertskommunar får tilgang til fagleg bistand tidlegare i prosessen. Dersom ressursane først kjem når konsesjonssøknaden er send, kjem dei for seint.

Kommunane må kunne hente inn juridisk, teknisk, økonomisk, naturfagleg og samfunnsfagleg kompetanse medan premissane framleis kan påverkast. Det bør òg vurderast ordningar som styrkjer kommunane si miljø- og naturkompetanse, til dømes gjennom interkommunalt samarbeid og betre samarbeid med fylkeskommune og statsforvaltar.

Kommunar som forstår handlingsrommet, konsekvensane og moglegheitene tidlegare, kan bidra til betre løysingar og meir føreseielege prosessar.

1.2.5 Samordne kraft, nett, areal og lokal samfunnsutvikling betre

Kraftprosjekt og nettprosjekt blir ofte behandla i ulike løp, sjølv når dei er gjensidig avhengige. Samtidig blir arealbruk, natur, deponi, anleggsvegar, bustader, transport, næringsareal og lokal samfunnsutvikling ofte vurdert for seint eller for fragmentert. Staten bør gi tydelegare føringar for samordning mellom kraft, nett, areal og lokal samfunnsutvikling. Det bør òg lagast rettleiing for korleis energilova, plan- og bygningslova, naturmangfaldlova og andre relevante regelverk kan verke betre saman.

Nettutbygging må få særleg merksemd. Fleire prosjekt er avhengige av nett som ikkje er bygd eller ikkje er avklart. Dersom nettutbygginga ikkje blir planlagd raskare og meir samordna med produksjon, forbruk, industri og lokal arealbruk, kan ho bli ei av dei største hindringane for vidare kraftutvikling.

Ei slik samordning tek omsyn tidlegare og meir samla.

1.2.6 Forny samfunnskontrakten for effektalderen

Dagens skatte-, konsesjons- og kompensasjonsordningar er i stor grad utvikla for ei tid der verdien av vasskrafta var tettare knytt til energiproduksjon. No aukar verdien av effekt, fleksibilitet og systemnytte.

Dette må få konsekvensar for samfunnskontrakten.

Vertskommunane må ha føreseielege rammer. Dei må kunne stole på at ordningar rundt kraftinntekter, konsesjonskraft, avgifter og vertskommuneroller faktisk varer over tid dersom dei skal støtte nye prosjekt.

Det bør gjerast ein gjennomgang av korleis effektoppgraderingar, pumpekraft og nye marknadsforhold verkar inn på lokal verdiskaping og kommunale inntekter. Dersom prosjekt skaper stor nasjonal og systemisk verdi, men gir uklare eller svake lokale gevinstar, må fordelingsmekanismane vurderast på nytt.

Samfunnskontrakten handlar heller ikkje berre om skatt og kompensasjon. Kraftkommunane må oppleve at staten òg leverer på andre område: vegar, ferjer, hurtigbåtar, digital infrastruktur, offentlege tenester, bustader, kompetanse og beredskap.

Lokalt næringsliv må òg koplust tettare på. Arbeidsplassar, lokale innkjøp, aktivitet i anleggsfasen, kompetansebygging og langsiktig næringsutvikling bør vere del av prosjektlogikken frå start.

1.2.7 Rigge systemet for raskare ja og tidlegare nei

Det er ikkje nok å seie at Noreg treng meir kraft. Systemet må òg gjere det mogleg å gjennomføre gode prosjekt.

Nasjonale styresmakter bør tydeleggjere kva som skal til for at gode prosjekt kjem raskare fram, og kva som skal til for at svake prosjekt får tidlegare avklaring.

Det krev sterkare kapasitet i forvaltninga, betre samordning mellom etatar og forvaltningsnivå, meir føreseielege rammevilkår og tydelegare nasjonale prioriteringar. Det krev òg positive insentiv for prosjekt som kombinerer stor samfunnsnytte med handterbare konsekvensar, god lokal forankring og eit tillitsskapande kunnskapsgrunnlag.

Dagens system må ikkje berre kontrollere prosjekt. Det må òg vise kva som skal til for å lukkast.

1.2.8 Bygg ei felles forteljing om kvifor Noreg treng meir kraft

Kraftdebatten manglar ei tydeleg nok felles forteljing om kvifor Noreg treng meir kraft, meir nett og meir effekt. For mange blir nye prosjekt møtt som enkeltinngrep i natur og lokalsamfunn, utan at samanhengen med industri, arbeidsplassar, beredskap, klimaomstilling, velferd og framtidig samfunnsutvikling blir godt nok forklart.

Staten, kraftbransjen, industrien og kommunane bør ta eit felles ansvar for å byggje ei meir samlande og forståeleg forteljing om kraftsystemet. Ho må vere ærleg om konflikhtar, naturinngrep og lokale kostnader, men òg tydeleg på kva samfunnet får igjen, kva krafta skal brukast til, og kva som står på spel dersom me ikkje lukkast.

Utan ei slik felles forståing blir kvart enkelt prosjekt ståande åleine i møte med lokal motstand, nasjonale dilemma og svekt tillit. Ei betre kraftforteljing kan ikkje erstatte gode prosessar, rettferdige ordningar eller reell lokal medverknad, men ho er ein føresetnad for at fleire skal forstå kvifor nye kraftprosjekt er nødvendige.

1.3 Ansvaret vasskraftbransjen sjølv må ta

Vasskraftbransjen har eit stort ansvar for sjølve kraftutbygginga. Men i framtidens prosjekt blir det ikkje nok å vere god på teknologi, produksjon og prosjektutvikling.

Bransjen må òg bli betre på tillit, relasjonar, lokal forankring, kunnskapsgrunnlag, open kommunikasjon og samfunnsutvikling.

Konfliktar handlar ofte meir om prosess og tillit enn om sjølve krafta. Svakt eller lite truverdig kunnskapsgrunnlag kan forseinke prosjekt. For sein dialog kan låse frontar. Manglande lokalt nærvær kan gjere sjølv gode prosjekt vanskelege å forsvare.

Dette er ikkje berre eit ansvar for styresmaktene. Utbyggjarane må sjølve ta eit større ansvar for å byggje legitimitet.

1.3.1 Bygg tillit før prosjektet treng ho

Tillit kan ikkje hentast inn på slutten av ein prosess. Ho må byggjast før ho trengst. Utbyggjarar bør vere synlege lokalt, byggje relasjonar over tid og møte kommunar, grunneigarar, næringsliv og lokalsamfunn før konfliktane er formaliserte. Dei må vise at dei lyttar, følgjer opp og tek ansvar også i små saker.

Tillit blir bygd gjennom handlingar: ein veg som blir justert, ein bekk som blir forbetra, ein grunneigar som får reell påverknad, ein kommune som får tidleg og tydeleg informasjon.

1.3.2 Ta ansvar for tidleg og open dialog

Utbyggjarar bør ikkje vente til prosjektet er ferdig teikna før dei inviterer inn dei som blir berørte.

Tidleg dialog må vere reell. Han må handle om val som framleis kan påverkast, ikkje berre om å forklare løysingar som i praksis er låste. Det må vere tydeleg kva som er avklart, kva som er usikkert, kva som kan endrast, og kva som ikkje kan endrast.

Munnleg og skriftleg dialog må henge saman. Dersom noko blir sagt i møte, men stramma inn eller formulert annleis i etterkant, kan tilliten bli svekt.

1.3.3 Forstå asymmetrien i møte med kommunar, grunneigarar og frivillige

Ein stor vasskraftaktør har meir kapasitet, meir kompetanse og større apparat enn dei fleste kommunar, grunneigarar og frivillige organisasjonar.

Denne asymmetrien må takast på alvor. Utbyggjarar bør bruke ekstra tid på å forklare, lytte og sikre at motpartane faktisk har forstått kva som står på spel. Det er ikkje nok at informasjonen er offentlig tilgjengeleg dersom han er vanskeleg å finne, tung å forstå eller kjem for seint til å påverke.

Reell medverknad krev at dei som skal medverke, blir sette i stand til å gjere det.

1.3.4 Få kunnskapen på bordet tidleg

Utbyggjarar bør kople på relevante kunnskapsmiljø tidleg, og hente inn lokal kunnskap før prosjektet er låst.

Dette gjeld natur, vassdrag, villrein, laks, isforhold, beitebruk, friluftsliv, kulturminne, anleggslogistikk, lokal næring og samfunnsutvikling. Lokal kunnskap kan avdekkje konflikhtar tidlegare, men òg peike på betre løysingar.

Motstand og innvendingar kan vere eit utgangspunkt for å forbetre prosjektet.

1.3.5 Gjer lokal verdiskaping konkret

Lokal verdiskaping må inn i prosjektet frå start.

Utbyggjarar bør tidleg vise kva prosjektet kan bety for lokale arbeidsplassar, eksisterande næringsliv, leverandørar, kompetanse, lærlingar, anleggsaktivitet og langsiktig samfunnsutvikling. Det bør ikkje vere nok å vise til generell nasjonal nytte dersom lokalsamfunnet sit att med konkrete ulemper og uklare gevinstar.

Kraftprosjekt må forklarast som meir enn tekniske anlegg. Dei er òg økonomiske og samfunnsmessige prosjekt i lokalsamfunn som skal fungere før, under og etter utbygginga.

1.3.6 Forklar kraftsystemet betre

Kraftbransjen har teke for gitt at folk forstår systemet. Slik er det ikkje.

Forskjellen mellom energi og effekt må forklarast betre. Nettets rolle må forklarast betre.

Koplinga mellom kraft, industri, prisar, eksport, beredskap og lokal verdiskaping må forklarast betre.

Dette gjeld særleg for yngre generasjonar, som ikkje nødvendigvis har vakse opp med vasskrafta som nasjonsbyggande forteljing. Dei møter kraftsystemet gjennom straumprisar, naturdebatt, klimakrise, digitale tenester, datasenter, elektrifisering og spørsmål om kven som eigentleg får verdiane.

Det er skildnad på folkeopplysning, og prosjektkommunikasjon.

1.3.7 Ver ærleg om konsekvensar og usikkerheit

Det svekkjer tilliten dersom negative verknader blir tona ned, eller dersom usikkerheit blir framstilt som avklart.

Utbyggjarar bør vere opne om naturinngrep, anleggsbelastning, støy, trafikk, deponi, isforhold, vasstandsendingar, grunneigarspørsmål og andre konsekvensar. Dei bør òg vere tydelege på kva dei ikkje veit enno.

Folk toler vanskelege budskap betre enn kjensla av å bli haldne utanfor.

1.3.8 Bruk kunnskapsarbeid til å utvikle betre løysingar

Kunnskapsgrunnlaget bør brukast til å finne betre løysingar.

Utbyggjarar bør samarbeide tettare med forskingsmiljø, lokale kunnskapsmiljø og relevante fagmiljø om korleis kraftproduksjon, naturomsyn og lokal bruk kan kombinerast betre.

Miljødesign og andre løysingsorienterte arbeidsformer kan bidra til at prosjekt blir betre, ikkje berre betre dokumenterte.

Bransjen bør òg bidra til meir systematisk læring om kva som fungerer i møte med lokalsamfunn: når dialog bør starte, kven som bør involverast, korleis prosessar kan organiserast, og kva som faktisk byggjer legitimitet.

1.3.9 Møt motstand med dialog, ikkje berre tekniske svar

Hard motstand må takast på alvor, sjølv når han ikkje nødvendigvis representerer fleirtalet lokalt.

Motstand kan handle om natur, tillit, erfaringar frå tidlegare utbyggingar, urettferd, frykt for tap eller manglande tru på at prosessen er reell. Tekniske svar er nødvendige, men sjeldan nok.

Utbyggjarar bør møte motstand med open dialog om moglege endringar, avbøtande tiltak og lokal nytte. Målet må vere å forstå kva konflikten faktisk handlar om, ikkje berre å svare på innvendingane.

1.3.10 Finn felles grunn i energibransjen

Når ulike energiformer, selskap og sektorar snakkar kvarandre ned, svekkjer dei tilliten til heile energisystemet.

Vasskraftbransjen bør bidra til ei meir samla og systemnær energiforteljing. Det er ikkje éi enkel løysing, men eit kraftsystem som fungerer: produksjon, nett, fleksibilitet, industri, naturomsyn og lokal legitimitet i samspel.

Bransjen bør difor samarbeide meir der det er mogleg, framsnakke felles behov og forklare korleis ulike delar av energisystemet heng saman.

1.4 Kva kan gjerast raskt – og kva krev politiske endringar?

Nokre grep kan setjast i gang raskt mens andre krev politiske eller regulatoriske endringar. Det som kan gjerast raskt, er mellom anna å utvikle ein vegleiar for tidlegfase-dialog, lage malar for oppstartsmøte, interessentkartlegging og dialogmøte, etablere pilotar for plan- og utgreiingsprogram, prøve ut opne kunnskapsloggar, og stille tydelegare forventningar til utbyggjarane si tidlege involvering av kommunar og grunneigarar.

Det bør òg vere mogleg å starte arbeidet med eit felles rammeverk for vertskommunar raskt, sjølv om enkelte delar av rammeverket krev seinare regelverksarbeid.

Det som krev politiske eller regulatoriske endringar, er mellom anna gjennomgang av kompensasjonsordningar og kraftinntekter i effektalderen, tidlegare finansiering av kommunal fagbistand, betre samordning mellom energilova, plan- og bygningslova og naturmangfaldlova, nye modellar for kvalitetssikring av konsekvensutgreiingar, og tydelegare nasjonale prioriteringar for kva prosjekt som bør få raskare framdrift.

Suldalerklæringa peikar ikkje på éi enkel løysing. Ho peikar på eit sett av grep som må verke saman: meir tillit, betre kunnskap, sterkare kommunar, tydelegare ansvar, meir føreseielege rammer og større gjennomføringsevne.

Del 2

Fortida som kompass



2.1 Vasskrafta som nasjonalt prosjekt

Norsk vasskraft er ein grunnstein i den moderne norske samfunnsmodellen.

Dei store vasskraftutbyggingane la grunnlaget for industri, arbeidsplassar, kommuneøkonomi, eksportinntekter og velferd. I mange lokalsamfunn var samanhangen synleg og konkret: Fossen produserte kraft. Krafta forsynte fabrikk. Fabrikken skapte arbeidsplassar. Arbeidsplassane utvikla lokalsamfunn, skular, bustader, næringsliv og framtidstru.

Denne historiske koplinga blir ofte omtalt som samfunnskontrakten rundt vasskrafta. Kraftutbygginga hadde store naturkostnader og lokale konsekvensar, men ho blei samstundes knytt til nasjonsbygging, industriutvikling og konkrete gode for vertskommunane. Dei som avstod natur, areal og vassdrag, skulle òg sitje att med verdiar. Ikkje berre som del av den nasjonale velstanden, men gjennom ordningar som konsesjonskraft, konsesjonsavgifter, eigedomsskatt, arbeidsplassar og lokal utvikling.

Heimfallsretten og konsesjonslovene er viktige delar av denne kontrakten. I tillegg til å skape verdiar, skulle vasskrafta forvaltast på ein måte som sikra fellesskapet og vertskommunane ein varig plass i fordelinga av desse verdiane.

Men, kontrakten var aldri enkel og aldri konfliktfri, og utbyggingane i førre århundre skapte òg stor motstand og store naturtap. Derfor har mange av dei store vasskraftprosjekta i landet vårt gitt varige arr lokalt, hos grunneigarar, lokalsamfunn og urfolk. For andre har dei skapt ein velstand som i dag kan takast for gitt.

I dag står forteljinga om samfunnskontrakten som låg til grunn for utbyggingane, og dei som vart råka av dei, svakare enn før. Mange av anlegga har blitt ein del av landskapet og infrastrukturen me tek for gitt. Kraftsystemet verkar i bakgrunnen, heilt til prisane aukar, nettet stoppar nye tilkoplingar, eller nye inngrep kjem tett på natur, grunneigarar og lokalsamfunn.

Samstundes har sjølve kraftsystemet endra karakter. Krafta er del av ein større marknad, og dermed ei brikke i eit komplekst spel mellom kraftmarknad, industri, elektrifisering, beredskap, klima, natur, nett og europeisk energi og politikk.

Denne samanhangen må bli tydelegare, særleg for dei som ikkje har vakse opp med vasskrafta som nasjonsbyggande forteljing. Nye generasjonar møter kraftsystemet i ei anna røynd: gjennom straumprisar, naturdebatt, klimakrise, digitale tenester, datasenter, elektrifisering og spørsmål om kven som eigentleg får verdiane.

Det gjer ikkje den historiske samfunnskontrakten mindre viktig. Tvert imot. Men han må fornyast.

Dei store kraftutbyggingane viser at Noreg tidlegare har hatt evne til å ta langsiktige infrastrukturval med stor betydning for heile samfunnet. Samstundes viser konfliktane i dag at legitimiteten som bar dei gamle utbyggingane, ikkje lenger kan takast for gitt.

2.2 Suldal som eksempel

Suldal kommune er Noregs største kraftkommune. Store delar av Ulla-Førre-anlegget ligg i Suldal kor vatn til kraftproduksjon blir henta frå mellom anna frå Blåsjø, eit fleirårsmagasin med enorm kapasitet. I tillegg er kommunen vertskap for Røldal-Suldal-anlegga, kor store effektoppgraderingar er på trappene.

Det var òg difor Kraftkonferansen 2026 blei arrangert akkurat her. Målet var å gjere kraftsystemet konkret. Ikkje berre snakke om krafta utanfrå, men sjå kva ho består av: fjell, vassfall, teknologi, naturinngrep, arbeidsplassar, inntekter, konflikhtar og avvegingar. Kraftutbyggingane har forma Suldal. Kommunen er prega av vasskraft; fysisk, økonomisk og politisk. Store reguleringar, kraftanlegg, magasin, liner og industrikoplingar har gjort kraftsystemet synleg i landskapet og i lokalsamfunnet.

Difor er Suldal ein eigna stad å stille spørsmåla som gjeld alle norske kraftkommunar: Korleis skal Noreg vidareutvikle vasskrafta når både behovet for effekt, omsynet til naturen og kravet om lokal legitimitet er sterkare enn før?

Kva skal kraftkommunane sitje att med når prosjekta har verdi langt utover eigne grenser? Korleis kan nye prosessar bygge vidare på erfaringane frå dei gamle, utan å gjenta feil? Alt dette minner oss om at kraftutbygging alltid har handla om meir enn straum. Det har handla om fordeling av verdiar, lokal tillit, nasjonale mål og politisk evne til å stå i vanskelege avvegingar. Skal Noreg lukkast med neste fase i vasskraftshistoria, må denne samanhengen bli tydeleg igjen.

2.3 Frå energi til effekt

Ei av dei viktigaste innsiktene frå konferansen var skiljet mellom energi og effekt. Den offentlege kraftdebatten handlar ofte om kor mykje straum Noreg produserer, kor mykje me bruker, og om me har kraftoverskot eller kraftunderskot. Det er viktige spørsmål. Men i kraftsystemet Noreg no er på veg inn i, er det ikkje nok å snakke om energimengd åleine. Framtidas knappheit handlar i aukande grad òg om effekt, altså evna til å levere nok kraft akkurat når behovet er størst.

Dette er ei grunnleggande endring i rolla til vasskrafta. Mange norske kraftverk blei bygde for ei anna tid. Dei skulle levere store mengder stabil kraft til industri og samfunn i eit system der forbruket var meir føreseieleg, og produksjonen i større grad kunne planleggast.

I dag aukar behovet for effekt og fleksibilitet. Meir sol- og vindkraft i Europa gir eit kraftsystem der produksjonen svingar meir. Elektrifisering, ny industri, datasenter, transport, forsvar og samfunnskritisk infrastruktur stiller også nye krav til kapasitet, stabilitet og reguleringsevne.

I eit slikt system får vasskrafta ein ny verdi. Magasina gjer det mogleg å lagre energi, og kraftverka kan levere når behovet er størst. Med oppgraderingar, større turbinkapasitet, nye vassvegar og i enkelte tilfelle pumpekraft, kan eksisterande anlegg gi meir effekt og større fleksibilitet.

Det betyr ikkje nødvendigvis at den totale energiproduksjonen aukar tilsvarande. I enkelte tilfelle kan pumpekraft bruke energi for å flytte vatn tilbake til magasina, men likevel gi stor systemverdi fordi krafta kan produserast når behovet og verdien er høgast.

Dette skiftet utfordrar både politikk og regelverk. Dette krev også tillit og betre kommunikasjon.

Når verdien flyttar seg frå volum til fleksibilitet, frå energi til effekt, blir det vanskelegare å forklare kvifor eit prosjekt er viktig. For lokalsamfunnet kan inngrepa vere like konkrete som før: anleggsvegar, deponi, endra vasstand, utrygg is, meir trafikk og nye belastningar på natur og næring. Men nytten blir meir abstrakt: systembalanse, fleksibilitet, forsyningstryggleik og europeisk energisamspel.

Dersom lokalsamfunnet ikkje ser meir kraft, fleire arbeidsplassar eller tydelegare økonomisk gevinst, men likevel blir bedt om å akseptere nye inngrep, blir samfunnskontrakten svekt.

Difor må overgangen frå energi til effekt òg bli ein overgang i korleis prosjekta blir forklarte, vurderte og kompenserte. Effektoppgraderingar kan bli blant dei viktigaste tiltaka Noreg gjer i energisystemet dei neste tiåra. Men då må verdien av fleksibilitet òg bli forståeleg og relevant for dei som lever med konsekvensane.

Det held ikkje å seie at systemet treng meir effekt. Det må òg forklarast kva samfunnsverdi denne effekten skaper, kven som får nytten, kven som ber kostnaden, og korleis lokalsamfunna skal få del i verdiane.

2.4 Frå nasjonal ressurs til europeisk system

Norsk vasskraft er ein nasjonal ressurs i ein internasjonal marknad. Kraftsystemet stoppar ikkje ved kommunegrensa, fylkesgrensa eller landegrensa.

Stabil tilgang på fornybar kraft har vore eit av dei viktigaste industrielle fortrinna til Noreg. Dersom krafta blir knappare, dyrare eller meir uføreseieleg, vil det påverke både eksisterande industri og mogleheita til å utvikle nye grønne verdikjeder.

Prisar, kraftflyt, nettbehov og forsyningstryggleik blir forma av utviklinga i Europa – av gassprisar, krig, havvind, kjernekraft, klimaambisjonar, industripolitikk og europeisk nettutvikling. Eit vasskraftprosjekt i Suldal kan i dag bli grunngitt med behov som ligg langt utanfor kommunen.

For kraftkommunane blir kraftpolitikken dermed både meir krevjande å forklare og vanskelegare å forankre lokalt.

Tidlegare var det lettare å sjå samanhengen mellom lokal kraftproduksjon og lokal eller nasjonal industri. I dag kan eit vasskraftprosjekt bli grunnlagt med fleksibilitet i ein nordisk kraftmarknad, støtte til eit meir vêravhengig europeisk energisystem, forsyningstryggleik, industriell konkurransekraft eller beredskap.

Det betyr at avstanden mellom lokal belastning og systemisk nytte har auka.

Vasskrafta har ei særleg rolle fordi ho er regulerbar. I eit energisystem med meir uregulerbar kraft blir evna til å lagre og styre produksjon stadig meir verdifull. Men Noreg er ikkje åleine om å forme energiframtida i Europa, og me må unngå å overvurdere rolla vår.

Styrken ligg i at me har fleksibilitet, magasinkapasitet og reguleringssevne som får større verdi i eit kraftsystem i endring.

Utover marknadsverdi og systembalanse, handlar kraft om forsyningstryggleik, totalforsvar og samfunnets robustheit - i ein meir uroleg geopolitisk situasjon.

Det stiller eit politisk spørsmål som ikkje kan løysast i enkeltsaker:

Kva skal vere hovudoppgåva til norsk vasskraft i åra som kjem?

- Skal ho sikre eksisterande industri?
- Byggje grøne næringar?
- Elektrifisere sokkel, transport og samfunn?
- Leggje til rette for datasenter og ny digital infrastruktur?
- Bidra til europeisk kraftbalanse?
- Stabilisere strømprisen?
- Eller alt dette samtidig?

Dersom desse prioriteringane ikkje blir avklarte tydelegare nasjonalt, blir dei skovne nedover i systemet. Då blir kvart enkelt kraftprosjekt ein arena for store politiske val som verken kommunen, utbyggjaren, grunneigarane eller NVE kan bere ansvaret for åleine.

Overgangen frå nasjonal ressurs til europeisk system krev både tekniske oppgraderingar og breiare semje om kva utfordringar vasskrafta skal løyse framover: Ei tydelegare politisk forteljing om kva vasskrafta skal vere i den neste fasen av norsk omstilling.

Det europeiske perspektivet som vart løfta fram på konferansen, viser òg at lokal forankring ikkje er eit særnorsk omsyn. I Europa blir lokal tilslutning, verdiskaping og tillit i aukande grad forstått som ein føresetnad for å få ny kraftproduksjon og ny energiinfrastruktur på plass. Manglande lokal legitimitet blir ikkje lenger sett på berre som eit kommunikasjonsproblem, men som ein systemkritisk faktor som kan forseinke eller stoppe nødvendige prosjekt. Når norsk vasskraft i større grad blir del av eit europeisk energi-, industri- og tryggleikssystem, blir det difor endå viktigare å vise korleis lokale inngrep heng saman med lokal nytte, nasjonal verdiskaping og europeisk forsyningstryggleik.



Del 3

Kvar trykkjer skoene?

3.1 Når fleire kriser møtest i same prosjekt

Konfliktane rundt kraftutbygging er samansette . Fleire kriser, behov og samfunnsmål møtest i dei same prosjekta. Natur mot kraft, ja eller nei til utbygging, pris, nett, konsesjonstid eller lokal motstand.

Energikrisen samlar mange krisar og behov i eit: Meir kraft, meir nett og behov for meir fleksibilitet. Samfunnet står i ei klimakrise, som krev elektrifisering og utsleppskutt. Naturen står i ei naturmangfaldskrise, som gjer nye inngrep vanskelegare å forsvare. Industrien står i ei konkurransekraftkrise, der tilgang på stabil og rimeleg kraft blir avgjerande for framtidige investeringar. Mange hushald og bedrifter står i ei straumpriskrise, der tilliten til systemet blir svekt når prisane blir opplevde som uføreseielege og urettferdige. Kommunar og distrikt står i ei samfunnsutviklingskrise, der busetjing, infrastruktur, arbeidsplassar og framtidstru må sikrast, i tillegg kjem beredskap, tryggleik og geopolitisk uro.

Alle desse omsyna er reelle.

Utfordringa er ikkje at naturomsyna har blitt for sterke, eller at lokalsamfunna har blitt meir vrange. Kraftprosjekta må no handtere fleire legitime omsyn samtidig, utan at prosessane, verktøya og samfunnskontrakten er godt nok oppdaterte for denne røynda.

Problemet oppstår når alt skal løysast i eitt og same prosjekt, på éin og same stad, med prosessar som ikkje er rigga for å fange opp kompleksiteten tidleg nok.

Då kan eit kraftprosjekt bli meir enn eit kraftprosjekt. Det blir ei lokal prøve på tilliten til staten. Ein diskusjon om straumpris. Ein kamp om natur. Ein test på forholdet mellom by og distrikt. Ein konflikt om kven som får verdiane og kven som ber belastninga. Ein debatt om framtida til industrien. Og eit symbol på om Noreg framleis har evne til å bygge nødvendig infrastruktur.

Det forklarar kvifor konfliktane kan bli så sterke, og kvifor betre informasjon åleine ikkje er nok.

Når fleire kriser møtest i same prosjekt, må prosessane ha rom for reelle dilemma. Aktørane må tole at dei ser røynda ulikt. Samtidig må staten gi tydelegare rammer for kva omsyn som skal vege tyngst når alt ikkje kan takast vare på samtidig.

Alle konfliktar kan ikkje løysast på førehand, men dei kan identifiserast tidlegare, behandlast meir ærleg og koplast til tydeleg ansvar.

3.2 Legitimitetsgapet: Lokal belastning, nasjonal nytte

Eit gjennomgåande funn frå konferansen var at lokal legitimitet ikkje lenger kan behandlast som eit kommunikasjonsproblem i etterkant. Han er blitt ein føresetnad for gjennomføring.

Det er òg viktig å skilje mellom aksept og legitimitet. Eit lokalsamfunn kan tole eit prosjekt utan å oppleve prosessen som rettferdig eller behovet som godt nok grunnlagt. Legitimitet krev meir: at samanhengen mellom behov, prosess, kostnader og gevinstar blir opplevd som forståeleg og rimeleg.

3.3 Når nytten blir vanskeleg å forklare

I mange kraftprosjekt er belastningane lokale og konkrete, medan nytten blir forklart som nasjonal, regional eller europeisk. Lokalsamfunnet ser anleggsvegen, massedeponiet, endra vasstand, nye liner, utrygg is, beite som blir delt opp, trafikk på smale vegar og endringar i landskapet. Gevinsten blir ofte skildra med systemord: effekt, fleksibilitet, forsyningstryggleik og europeisk kraftbalanse.

Det er reelle gevinstar men dei er vanskelegare å sjå.

Det held ikkje å seie at eit tiltak er viktig for landet, dersom kommunen ikkje kan forklare kvifor nettopp dette lokalsamfunnet skal bere inngrepet.

Samstundes må ikkje nye kraftprosjekt berre forståast som ei belastning for vertskommunane. Dei kan òg vere ei moglegheit. Neste generasjons kraftutbyggingar kan bidra til å utvikle lokalsamfunna dei skjer i, dersom prosjekta blir rigga rett frå starten av. Store utbyggingar kan gi aktivitet for lokale entreprenørar og leverandørar, styrkje lokale kompetansmiljø, skape lærlingplassar, utløyse behov for bustadbygging og gi grunnlag for ny næring og betre infrastruktur. Men då må lokal verdiskaping vere ein del av prosjektlogikken frå tidleg fase, ikkje eit tillegg som blir diskutert når planane allereie er lagde.

Legitimitetsgapet handlar om opplevd rettferd: kven som får verdiane, kven som får ulempene, kven som bestemmer, kven som blir høyrd, kva alternativ som er reelle, kva som faktisk kan endrast – og kva lokalsamfunnet sit att med når anleggsmaskinene er borte.

Nye prosjekt startar dessutan sjeldan på null. Dei møter lokalsamfunn som allereie har erfaringar med tidlegare utbyggingar, tidlegare inngrep og tidlegare lovnader. Gamle sår, historiske forventningar og opplevingar av å ha blitt overkøyrd kan bli aktive konfliktfaktorar i nye prosessar. Vi må forstå historia lokalt, før vi forklarar behovet nasjonalt.

For mange det gjeld handlar naturinngrep om landskap, bruk, tilhøyrsløse og tap som ikkje utan vidare kan kompensert økonomisk. Dersom denne dimensjonen ikkje blir anerkjend, kan sjølv godt dokumenterte og samfunnsnyttige prosjekt miste legitimitet lokalt.

Kraftkommunar har historisk akseptert store inngrep fordi krafta òg har gitt lokal utvikling. I den nye effektalderen er denne koplinga mindre tydeleg. Eit prosjekt kan ha stor verdi for kraftsystemet utan at energivolumet aukar tilsvarande. Det kan gi store verdier i marknaden, men usikker lokal kompensasjon. Det kan vere avgjerande for nasjonal forsyningstryggleik, men lite synleg i kvardagen til kommunen.

I praksis er kraftutbygging òg fordelingspolitikk. Verdiane, ulempene og risikoen blir ikkje fordelte likt mellom storsamfunnet, utbyggjaren, vertskommunen og dei som blir direkte råka. Difor er lokal verdiskaping, arbeidsplassar, aktivitet og langsiktig utvikling avgjerande for nasjonal gjennomføringsevne.

Eksisterande næringsliv må òg koplast tettare på. Lokale verksemder, arbeidsplassar og kompetansmiljø må få ein reell plass i anleggsfase, drift og vidare samfunnsutvikling.

I tillegg blir legitimiteten påverka av straumprisane. Når folk i kraftproduserande regionar opplever høge prisar og auka nettleige, blir forståinga for nye inngrep svekt. Mange spør kvifor dei skal akseptere meir kraftinfrastruktur dersom dei ikkje opplever at systemet gir dei rimelegare straum, meir føreseielegheit eller tydeleg lokal gevinst.

Poenget er å gi prosjekta ein betre start.

Lokal støtte må byggjast gjennom reell involvering, tydeleg lokal nytte, openheit om konsekvensar og ei truverdig kopling mellom prosjektet og framtidig samfunnsutvikling.

3.4 Samfunnskontrakten og regelverket er ikkje oppdaterte for effektalderen

Den historiske samfunnskontrakten rundt vasskrafta bygde på at vertskommunane fekk noko igjen for å stille naturressursar og areal til disposisjon. Denne kontrakten har vore avgjerande for legitimiteten til norsk vasskraft.

Men kraftsystemet i dag utfordrar kontrakten.

Ordningane er utvikla for ei tid der verdien av vasskrafta i større grad var knytt til energiproduksjon. Når betydninga av effekt, fleksibilitet og reguleringsevne aukar, reiser det eit krevjande spørsmål: Kva skjer når verdien av eit prosjekt aukar for systemet, utan at kommunen nødvendigvis får tilsvarande auka inntekter eller tydelegare lokal nytte?

Dette er særleg viktig ved effektoppgraderingar og pumpekraft. Lokalsamfunn kan bli bedt om å akseptere nye inngrep, meir anleggsaktivitet og auka belastning på natur og infrastruktur, samtidig som det er uklart om kommunen kjem betre ut økonomisk. Nokre kommunar fryktar tvert imot å kome dårlegare ut dersom nye løysingar påverkar konsesjonskraft, avgifter eller andre inntektsstraumar.

Utan føreseielegheit blir det vanskeleg å bygge lokal tillit.

Samfunnskontrakten må ta opp i seg arbeidsplassar, lokal aktivitet, kompetanse, bustader, skular, vegar, kollektivtilbod, ferjer, rassikring, digital infrastruktur og beredskap. Kraftkommunane er ikkje berre stader der kraft blir produsert. Dei er lokalsamfunn som skal fungere, også medan dei ber nasjonalt viktig infrastruktur.

Dette perspektivet er avgjerande. Dersom staten og storsamfunnet forventar at kraftkommunar skal ta ansvar for nye utbyggingar, må staten òg sjå kraft, industri, transport, busetjing og samfunnsutvikling i samanheng.

Ein oppdatert samfunnskontrakt må difor svare på tre spørsmål.

1. Korleis skal vertskommunar sikrast føreseielege og rettferdige økonomiske rammer i ei tid der verdien av vasskrafta i aukande grad ligg i effekt og fleksibilitet?
2. Korleis skal lokal verdiskaping, arbeidsplassar og samfunnsutvikling bli ein integrert del av kraftprosjekta, ikkje eit tillegg som blir diskutert når konfliktane allereie har oppstått?
3. Når nytten av prosjekta er nasjonal eller systemisk, må staten då ta eit større ansvar for at dei lokale kostnadene blir handterte på ein legitim måte?

Skatte- og konsesjonsordningar vil framleis vere viktige, men dei strekk ikkje nødvendigvis til åleine. Det kan òg vere behov for supplerande verkemiddel, til dømes utbyggingsavtalar eller andre modellar som koplar kraftprosjekt tydelegare til lokal samfunnsutvikling.

Dersom desse spørsmåla ikkje blir avklarte, blir samfunnskontrakten svekt, og Noreg risikerer at prosjekt med stor nasjonal verdi stoppar lokalt. Ikkje fordi behovet for kraft er avvist, men fordi fordelinga av kostnader, risiko og gevinstar blir opplevd som urimeleg.

3.5 Konsesjonsprosessane startar for seint, og for formelt

Mange av konfliktane i kraftprosjekt oppstår før dei formelle prosessane for alvor tek til. Når grunneigarar, kommunar, naturinteresser og lokalsamfunn først blir involverte etter at tekniske løysingar, trasear, deponi og prosjektlogikk langt på veg er utvikla, blir dialogen lett opplevd som ein formalitet. Då blir fokuset ikkje «kva kan me finne ut av saman?», men «korleis kan me forsvare oss mot noko som allereie er bestemt?».

Konsesjonsprosessen er i dag ein av dei viktigaste flaskehalsane fordi for mykje blir avklart for seint, for fragmentert og med for svak felles struktur.

Lovpålagt høyring er ikkje det same som reell medverknad.

Ein skriftleg høyringsprosess kan sikre rettar, dokumentasjon og etterprøvbarheit. Men åleine er han dårleg eigna til å bygge tillit. Når aktørane først møtest gjennom høyringsbrev, advokatsvar og fagrapportar, blir frontane skjerpaa. Partane skriv for å få gjennomslag, ikkje nødvendigvis for å forstå kvarandre. Usemje blir formalisert før relasjonane er etablerte.

Dialogkonferansen viste at samtalen endrar karakter når aktørane møtest fysisk og tidleg nok. Rundeborda gav rom for usikkerheit, nyansar og direkte oppklaringar som sjeldan får plass i ein tradisjonell høyringsrunde. Det betyr ikkje at usemja forsvinn. Men ho blir meir presis.

3.6 Tidleg dialog krev reelt innhald

Tidleg dialog må likevel ikkje bli eit honnørord. Fleire understreker at dialog ikkje kan vere «kaffiprat». Han må ha reelt innhald.

Tidleg dialog handlar om å kome tidleg i gang. Men samstundes er det viktig at rett informasjon kjem til rett tid: kva som er avklart, kva som er ope, kva som kan påverkast, og når ulike aktørar faktisk har høve til å påverke.

Dialogen må dreie seg om konkrete val: Kvar kan vegen gå? Kva alternativ finst? Kva er usikkert? Kva naturverdiar kan stoppe prosjektet? Kva kan grunneigarar påverke? Kva lokale ringverknader kan prosjektet gi? Kva er rammene for kompensasjon? Kva må greiast ut før søknad? Kven skal ha ansvar for den vidare prosessen?

Tidleg involvering krev òg ærlegheit om usikkerheit. Utbyggjarar kan ikkje alltid gi ferdige svar i tidleg fase. Prosjekt må modnast teknisk og økonomisk. Nettopp difor er det viktig å skilje tydeleg mellom kva som er avklart, kva som blir vurdert, kva som kan endrast, og kva som framleis er ope.

Dersom prosjektet blir presentert for seint, oppstår mistillit. Dersom det blir presentert for bastant for tidleg, kan det skape brotne forventningar. Løysinga er å vere tydeleg på usikkerheita frå start. Det første møtet bør vera ein samtale om kva som må avklarast.

3.7 Kunnskapsgrunnlaget: Alle vil ha fakta, men kven eig fakta?

Alle aktørane etterlyser betre kunnskap. Men ei av dei viktigaste innsiktene frå konferansen var at konfliktane ikkje skyldast mangel på fakta, men mangel på tillit til korleis fakta og kunnskapsgrunnlag blir til.

I kraftprosjekt spelar konsekvensutgreiingar ei avgjerande rolle. Dei skal gi avgjerdstakarar, kommunar, styresmakter og berørte partar grunnlag for å forstå verknader, alternativ og avbøtande tiltak. Men dersom kunnskapsgrunnlaget blir oppfatta som partisk, smalt eller svakt, kan det bli ei kjelde til meir konflikt i staden for mindre.

Dette gjeld særleg når utgreiingane blir bestilte og betalte av utbyggjar. Sjølv når fagmiljøa er kompetente og arbeidet held høg kvalitet, kan tilliten bli svekt dersom berørte partar opplever at mandatet er definert av den parten som ønskjer å bygge. Spørsmålet blir då ikkje berre kva rapporten seier, men kven som har stilt spørsmåla, kven som har valt metode, og kva alternativ som aldri blei undersøkte.

I slike saker er mandatet ofte like viktig som rapporten.

Dersom feil spørsmål blir stilte tidleg, kan heile prosessen bli forseinka seinare. Dersom naturinteresser, kommunar eller statsforvaltar meiner at sentrale tema er mangelfullt vurderte, kan resultatet bli motsegner, tilleggsutgreiingar, nye høyringar og fleire år med forseinking. Det som kan sjå ut som tregleik i systemet, kan i realiteten vere konsekvensen av at kunnskapsgrunnlaget ikkje var godt nok då saka blei send inn.

Dette handlar òg om kapasitet. Store kraftsaker kan produsere enorme mengder dokument, rapportar og høyringsinnspel. Utbyggjarar og styresmakter har profesjonelle apparat rundt seg. Grunneigarar, lokale organisasjonar og frivillige naturinteresser har ofte langt mindre tid, kompetanse og økonomi til å følgje prosessane. Reell medverknad krev at systemet tek denne skeivskapen på alvor.

Det treng ikkje alltid ta lengre tid, men tida må brukast rett. Grundig kunnskapsinnhenting kan vere nødvendig, særleg der naturverdiar, villrein, laks, isforhold, landskap, beitebruk eller samla belastning står på spel. Men kunnskapsbehovet bør avklarast og forankrast tidlegare, med større openheit om usikkerheit og tydelegare involvering av relevante fagstyresmakter og lokale kunnskapsberarar.

I tillegg til å dokumentere usemje, må kunnskapsarbeidet brukast til å utvikle betre løysingar. Miljødesign og andre løysingsorienterte arbeidsformer viser at biologar, hydrologar, kraftingeniørar og lokale kunnskapsmiljø kan arbeide saman for å finne tiltak som både tek vare på kraftproduksjon og reduserer miljøskade.

3.8 Når fakta møter verdiar

Det bør òg skiljast betre mellom usemje om fakta og usemje om verdiar. Meir kunnskap kan redusere usikkerheit, men kan ikkje fjerne alle politiske og verdimeslige konflikter. To aktørar kan vere einige om konsekvensane og likevel vere usamde om dei er akseptable.

Eit tillitsskapande kunnskapsgrunnlag må vera fagleg solid, ope om konsekvensar og ærleg om usikkerheit. Det må òg opplevast som legitimt av fleire enn utbyggjaren sjølv.

Det kan krevje nye arbeidsformer: felles plan- og utgreiingsprogram før søknad, tydelegare kvalitetssikring av mandat, tidlegare involvering av NVE, statsforvaltar og relevante fagmiljø, betre bruk av lokal kunnskap og meir opne kunnskapsloggar gjennom prosessen.

3.9 Kommunane får ansvar utan tilstrekkelege verktøy

Vertskommunane har ei nøkkelrolle i kraftprosjekt. Dei skal representere lokalsamfunnet, vurdere areal- og samfunnsverknader, handtere politiske prosessar, svare innbyggjarar, møte utbyggjarar, forhalde seg til statlege styresmakter og samtidig tenkje langsiktig samfunnsutvikling.

Men mange kommunar har ikkje verktøya dei treng.

Store kraft- og nettprosjekt krev kompetanse dei fleste kommunar ikkje har i eigen organisasjon. Sakene kan omfatte tusenvis av sider med dokumentasjon, parallelle prosessar, fleire lovverk, ulike statlege styresmakter, sterke lokale interesser og store økonomiske konsekvensar. For små og mellomstore kommunar kan dette bli ei urimeleg stor oppgåve.

Kommunen blir ofte sitjande med ansvar for å forklare eit prosjekt han ikkje fullt ut har vore med på å forme. Han skal svare innbyggjarar på spørsmål om konsekvensar, alternativ, økonomi og naturverknader, sjølv om informasjonen kjem frå utbyggjar, fagutgreiarar eller statlege styresmakter. Dersom kommunen manglar kapasitet til å gå inn i materialet tidleg nok, blir både kvaliteten i prosessen og tilliten lokalt svekt.

Ei sterkare kommunal rolle inneber òg eit ansvar. Kommunane må søkje kunnskap tidleg, før standpunkta låser seg lokalt. Men då må dei òg ha tilgang til kompetanse, finansiering og prosessverktøy i alle fasar.

Dette krev betre samordning mellom energilova og plan- og bygningslova. Energiprojekt blir behandla etter sektorregelverk, medan kommunen har ansvar for lokal arealutvikling og heilskapleg samfunnsplanlegging. I praksis kan store arealavgjerder takast gjennom energiprosessar der rolla til kommunen er svakare enn i ordinære plansaker. Det gjer det vanskeleg å sjå kraft, nett, deponi, vegar, bustader, næringsareal og lokal samfunnsutvikling samla.

3.10 Kraft og nett i separate løp

Også samordninga mellom kraft og nett er ei utfordring. Kraftprosjekt og nettprosjekt kan vere gjensidig avhengige, men blir behandla i ulike løp. Kommunar og lokalsamfunn blir då bedne om å meine noko om enkeltprosjekt utan å sjå heile biletet. Samla belastning på natur, lokalsamfunn og infrastruktur kan bli undervurdert.

Kapasitet er ein ting, men kommunane manglar og eit operativt system for å handtere store konsesjonsprosessar på ein jamn, føreseieleg og tillitsskapande måte. Det gir ulik praksis frå prosjekt til prosjekt, svakare rolle i tidleg fase og større utfordringar med å forklare og forankre prosjekta lokalt.

Kraftkommunane kan difor ikkje berre vere mottakarar av ferdige planar eller høyringspartar i prosessar der dei viktigaste premissane allereie er lagde. Dersom dei skal bere lokale konsekvensar av nasjonalt viktige prosjekt, må dei òg ha ein reell plass rundt bordet: i utviklinga av prosjekta, i utforminga av kunnskapsgrunnlaget og i vurderinga av lokal samfunnsnytte. Vertskommunen må behandlast som ein utviklingspartner.

3.11 Systemet må riggast for gjennomføring

Det hastar å oppgradere nettet og auke effekten i kraftsystemet. Samtidig tek prosessane for lang tid, ansvaret er fragmentert og kapasiteten er pressa.

Fleire aktørar peiker på at systemet i for stor grad er rigga for kontroll, dokumentasjon og konflikthandtering, men i for liten grad for framdrift, samordning og praktisk gjennomføring. Krav, kontroll og grundigheit skal ikkje svekkjast. Men eit system kan vere grundig utan å vere godt. Det kan vere omfattande utan å bygge tillit. Og det kan vere juridisk korrekt utan å gi god nok gjennomføringsevne.

Noko handlar om ressursar, der alle partar er pressa. NVE og andre statlege styresmakter har avgrensa kapasitet til å behandle store og komplekse saker raskt. Kommunane manglar ofte fagressursar. Fagmiljø, konsulentar og utgreiarar er pressa. Utbyggjarar må bruke store ressursar før dei veit om prosjekt kan realiserast. Leverandørindustrien og entreprenørmarknaden kan bli flaskehalsar når mange kraftverk skal oppgraderast samtidig. Lokalsamfunn kan mangle bustader, transportløyningar og fagarbeidarar når store anleggsprosjekt startar.

Noko handlar om nettet. Dersom nettutbygginga ikkje blir planlagd raskare og meir samordna med produksjon, forbruk, industri og lokal arealbruk, kan ho bli ei av dei største praktiske hindringane for heile kraftomstillinga.

Noko handlar om avgjerder og handlekraft. Eit betre system må kunne gi raskare ja til gode prosjekt, men òg tidlegare nei til prosjekt som ikkje bør realiserast. Langvarig uvisse bind ressursar, aukar konfliktnivået og svekkjer tilliten. Dersom eit prosjekt har uakseptable naturkonsekvensar, manglar lokal legitimitet eller ikkje lèt seg sameine med nødvendig nett og arealbruk, bør det avklarast tidlegare. Dersom eit prosjekt har stor samfunnsverdi og handterbare konsekvensar, bør det ikkje bruke unødvendig mange år på uvisse og omkampar.

Gjennomføringsevne krev òg positive insentiv. Dersom heile systemet først og fremst blir opplevd som ei rekkje hindringar, blir evna til å realisere prosjekt samfunnet faktisk treng, svekt. Det må bli tydelegare kva som skal til for å lukkast, ikkje berre kva som kan stoppe eit prosjekt.

3.12 Kommunikasjon, tillit og bodberarar

Kraftbransjen har både eit kommunikasjonsproblem og eit tillitsproblem.

Mange av dei grunnleggjande samanhengane i kraftsystemet er dårleg forstått utanfor fagmiljøa. Skiljet mellom energi og effekt er uklart for mange. Rolla til nettet er undervurdert. Samanhengen mellom kraft, industri, prisar, eksport, beredskap og lokal verdiskaping er vanskeleg å forklare. Samstundes har straumpriskrisa gjort kraftpolitikken personleg for langt fleire enn før.

Når folk først møter kraftsystemet gjennom høge prisar, auka nettleige, naturinngrep eller konfliktfylte prosessar, er utgangspunktet for tillit svakt.

Kraftbransjen har i for stor grad teke for gitt at folk forstår kvifor kraft er viktig. Han har snakka mykje om megawatt, konsesjonar, marknader og kablar, men mindre om kva energi faktisk gjer for samfunnet. Han driv industrien, varmar hus, sikrar digitale system, gjer transport mogleg, byggjer beredskap og skaper velferd.

Bodskapen treng rett avsendar, gjerne lokale stemmer der det er mogleg.

Dette handlar òg om å vere til stades over tid. Kraftselskap og andre utbyggjarar som er synlege lokalt og byggjer relasjonar, står sterkare enn aktørar som først dukkar opp når eit prosjekt skal realiserast.

Små, konkrete tiltak lokalt kan ha stor betydning dersom dei viser at utbyggjar lyttar, følgjer opp og tek ansvar. Ein veg som blir justert. Ein bekk som blir forbetra. Ein skuleklasse som får innsikt i kraftsystemet. Ein grunneigar som får reell påverknad. Ein kommune som får tidleg og tydeleg informasjon.

Kraftbransjen må òg bli meir medviten om korleis han samla framstår. Når ulike energiformer, selskap og sektorar snakkar kvarandre ned, blir tilliten til heile energisystemet svekt. For folk flest framstår ikkje kraftsystemet som eit samspel, men som eit konfliktfylt nabolag der alle skulder på kvarandre. Det gjer det vanskelegare å bygge forståing for at samfunnet treng fleire løysingar samtidig.

Gode prosessar må kommuniserast slik at folk forstår kva som skjer, kva som står på spel, og kvar dei faktisk kan påverke.

Tillit kan ikkje hentast inn på slutten av ein prosess. Han må byggjast før han trengst.

A scenic view of a fjord in Norway, with a boat on the water and traditional wooden houses on the shore. The fjord is surrounded by steep, forested mountains. A small boat is visible on the water, and several traditional wooden houses with red roofs are visible in the foreground. The sky is overcast.

Del 4

Vegen vidare

Suldalerklæringa er ikkje eit sluttunkt. Ho er eit bidrag til vidare arbeid.

Erklæringa spring ut av På innsida av krafta, der kommunar, kraftselskap, styresmakter, forskning, industri, naturinteresser og andre aktørar møttest tett på kraftsystemet for å forstå kva som faktisk skal til for å få prosjekt til å fungere.

Det viktigaste frå Suldal er ikkje at alle blei einige. Det viktigaste er at aktørane møttest tidlegare, meir direkte og tettare på dei faktiske dilemmaa.

Den arbeidsforma bør vidareførast.

Suldalerklæringa bør overleverast til energiministeren som eit konkret innspel til betre vasskraftprosessar. Ho bør òg brukast som grunnlag for vidare samtalar med departement, direktorat, kraftbransje, kommunar og andre aktørar som må vere med dersom Noreg skal få meir kraft, meir effekt og meir legitimitet.

På innsida av krafta kan utviklast vidare som ein arbeidsarena for praktisk kraftdialog: ein stad der nasjonale mål møter lokale erfaringar, og der konflikter blir tekne tidleg nok til at dei framleis kan brukast til å finne betre løysingar.

Kunnskapsgrunnlag og bidragsytarar

Om Suldalerklæringa

Suldalerklæringa er utarbeidd med bakgrunn i konferansen «På innsida av krafta», som vart arrangert i Suldal i mai 2026. Konferansen samla representantar frå kraftbransjen, vertskommunar, statlege styresmakter, forskings- og kunnskapsmiljø, næringsliv, interesseorganisasjonar og politiske miljø for å drøfte korleis Noreg kan styrkje gjennomføringsevna i framtidige kraft- og nettprosjekt.

Bakgrunnen for konferansen var erkjenninga av at mange av utfordringane knytt til framtidens energisystem ikkje lenger handlar om teknologi åleine. Behovet for meir kraft, meir effekt og sterkare nett møter samstundes aukande krav til naturomsyn, lokal legitimitet, medverknad og samfunnsutvikling. Dette skaper nye dilemma som verken kommunar, kraftselskap eller styresmakter kan løyse kvar for seg.

Konferansen var utforma som ein arena for dialog og erfaringsutveksling på tvers av roller og interesser. Gjennom faglege innlegg, befaringar, rundebordssamtalar og felles refleksjonar vart deltakarane inviterte til å utforske både konfliktlinjer og felles utfordringar i framtidens kraftsystem.

Det som skilte «På innsida av krafta» frå mange andre energikonferansar, var ønsket om å flytte samtalen tettare på den røyndomen diskusjonane handlar om. Deltakarane fekk oppleve delar av infrastrukturen, landskapa og lokalsamfunna som utgjer fundamentet i det norske kraftsystemet. Erfaringa frå konferansen var at forståinga av både utfordringar, moglegheiter og avvegingar blir annleis når kraftsystemet blir konkret og synleg.

Suldalerklæringa er ikkje eit forhandla dokument og representerer ikkje nødvendigvis synspunkta til alle deltakarane eller organisasjonane som deltok på konferansen. Erklæringa er ei samla framstilling av sentrale innsikter, utfordringar og forslag til løysingar som vart løfta fram gjennom konferansen og det vidare redaksjonelle arbeidet.

Suldal – Noregs største kraftkommune

Suldal har gjennom fleire generasjonar vore ein av dei viktigaste kraftkommunane i Noreg. Kommunen er vertskap for store delar av Ulla-Førre-anlegga, den største vasskraftutbygginga som er gjennomført i landet. Med Blåsjø som eit av Europas største reguleringsmagasin og eit omfattande nett av tunnelar, magasin og kraftanlegg, har kraftutbygginga forma både landskapet, lokalsamfunna og utviklinga av kommunen.

Verdiane frå vasskrafta har bidrege til industriutvikling, forsyningstryggleik og velferd langt utover kommunegrensene. Samstundes har kraftutbyggingane gitt erfaring med dei avvegingane som oppstår når nasjonale behov møter lokale interesser, naturverdiar og samfunnsutvikling.

I dag står Suldal igjen midt i utviklinga av norsk vasskraft gjennom dei planlagde effektoppgraderingane i Røldal–Suldal-anlegga. Prosjektet er blant dei største oppgraderings- og utvidingsprosjekta innan norsk vasskraft på fleire tiår og illustrerer mange av dei spørsmåla som pregar effektalderen: korleis skape meir effekt og fleksibilitet i kraftsystemet, samstundes som natur, lokalsamfunn, lokal verdiskaping og legitimitet blir ivaretekne.

Suldal er ikkje åleine om desse utfordringane. Erfaringane frå kommunen speglar problemstillingar som mange kraftkommunar, utbyggjarar og styresmakter no møter over heile landet.

Kunnskapsgrunnlag

Suldalerklæringa byggjer mellom anna på:

- Innlegg, diskusjonar og rundebordssamtalar frå konferansen «På innsida av krafta»
- Erfaringar frå eksisterande og planlagde vasskraft- og nettprosjekt i heile Noreg
- Perspektiv frå vertskommunar, kraftselskap, grunneigarar, forvaltning, forskingsmiljø, næringsliv og interesseorganisasjonar
- Gjeldande regelverk, forvaltningspraksis og erfaringar frå konsesjonsprosessar
- Erfaringar frå arbeidet med konsesjonssøknaden for effektoppgraderinga av Røldal-Suldal-anlegga, inkludert innspel frå kommune, grunneigarar, organisasjonar og andre berørte partar.

Suldal Kommune vil takke alle deltakarar, innleiarar, samarbeidspartnarar og bidragsytarar som har delt kunnskap, erfaringar og perspektiv gjennom konferansen og det vidare arbeidet med erklæringa.

Suldalerklæringa er ikkje først og fremst eit dokument om Suldal. Ambisjonen er å løfte fram erfaringar, utfordringar og løysingar som kan bidra til betre prosessar, større tillit og sterkare gjennomføringsevne i kraftprosjekt over heile landet.



Skal Noreg få meir kraft,
må me også byggje meir tillit.



Suldal
kommune



PÅ INNSIDA
AV KRAFTA

